

Interessant møte med Rosendal Event.

02.05.2018



Det var svært interessant å høyra Laila og Sjur Langesæter fortelja om Rosendal Event.

Rosendal Event var gjester på det opne møtet i Uskedal Utvikling onsdag kveld. Frammøtet kunne vore betre, for dei som var der, fekk ei svært interessant stund saman med Sjur og Laila Langesæter. Ekteparet etablerte selskapet sommaren 2016 for å selja gode og minnerike naturopplevingar i den vakre kommunen vår til tilreisande.

Sjur og Laila Langesæter har stort sett hatt sitt yrkesaktive liv i lufta. Til saman hadde dei 55 år bak seg i SAS då Sjur tok mot tilbod om sluttspakke. Sjur er oppvachsen i Rosendal. Han hadde budd vekke i 34 år, stort sett med adresse Bærum, då han flytta tilbake til Neslia saman med kona.

Begge er sterkt friluftsinteresserte med trenarbakgrunn, og den vakre naturen trekte dei sterkt mot Rosendal då muligheten baud seg. Dei trong jobb, og med bakgrunn i det store potensialet dei såg i naturopplevingar her, skapte dei sin eigen jobb då dei etablerte Rosendal Event.

Tilhøyrarane fekk høyra om ulike sider ved planlegginga og det store arbeidet med å etablera ein slik bedrift. Det hadde vore mykje jobb og ei bratt læringskurve, kunne dei fortelja. Dei kunne fortelja om utfordringar på vegen, og vi fekk høyra om særdeles vellukka opplegg. Til det siste høyrdet utvilsamt Rosendal Topptur Festival som nyleg vart avvikla i strålande ver med fullteikna deltagarliste. Då hadde dei i sving 10 lokale guidar, og blant turmåla var Geitadalstind i Ulvanåso der dei arrangerte tur både lørdag og søndag. Dei kunne fortelja at dei hadde fått særdeles gode tilbakemeldingar på denne turen til liks med resten av festivalopplegget. Med gode guidar får dei ei ekstra god naturoppleving i tillegg at det vert lagt mykje meir vekt på tryggleiken. Dei kunne fortelja at dei hadde sjekka snø- og skredforhold dagleg dei 14 siste dagane før festivalen.

Blant utfordringar dei møter i tillegg til veret nemnde dei særleg mangel på parkering og også toalettanlegg. Dette er svært viktig for at kommunen skal framstå som eit godt vertskap. Det er også heilt avgjerande for å få eit godt samarbeid med grunneigarar og lokal befolkning. Dette behovet er like stort også for alle dei som går på uorganiserte turar, både lokale turgåarar og tilreisande.

Rosendal Event skreddarsyr turar, og sjølv om vi kanskje har lese mest om toppturar, kunne dei fortelja at dei sel mest av lavterskelturar. Det kan vera familieturar til eit vatn med bål og grilling, og kanskje kanopadling.

Kajakkar, kanoar og syklar er noko av det dei har til uteigje. Dei ønskjer også å koma i kontakt med andre lokale aktørar og samarbeider svært gjerne med dei.

Vi fekk også høyre spennande tankar om utviklinga framover. Når dei vert realiserte, kan vi lesa om det på facebook-sida til Rosendal Event. Der vart t.d. den flotte nye filmen deira publisert i går. Det er god marknadsføring av Kvinnherad. Den er alt sett av over 6000 og den er delt ca. 150 gonger på facebook. Den forrige filmen som dei publiserte i august, har blitt vist heile 80.000 gonger. Dei understreka den store marknadsøringsverdien på facebook og instagram, og oppfordra til å dela flotte naturbilder, for det er god marknadsføring av kommunen vår. For Rosendal Event er facebook og instagram svært viktige marknadsføringskanalar.

Den interessante stunda vart ramma inn ved at leiar i UU Gunn Mari Moberg først ønskte velkommen. Til slutt takka ho Sjur og Laila Langesæter med å overrekka dei lokalprodusert røykjelaks frå Hjønnenvåg.



Leiar i Uskedal Utvikling, Gunn Mari Moberg, takka dei to gjestene med røykjelaks frå Hjønnenvåg.

Tekst, fot og nett: Thor Inge Døssland